



# DEN NORSKE KYRKJA

Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd

## Møteprotokoll for Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd

**Tid:** 14.06.2023 kl. 19:45  
**Stad:** Ulstein kyrkjekontor

### Frammøtte:

Odd Arne Vikebakk	Leiar
Annelise Kleven Godø	Nestleiar
Cecilie Frantsen Skeide	Medlem
Karianne Sveen Orvik	Medlem
Bodil Muren Voldsund	Medlem
Lidbjørn Vattøy	Medlem
Hannelore Måseide	Medlem
Margit Lovise Holte	geistleg representant
Knut Erik Engh	kommunal representant
Andreas Alexander Felix Sæbø	2. vara
Christfried Kaul	sekretær

### Forfall:

Karete Malen Nasset Melø	Medlem
André Sæter	1. vara

### Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Arkivkode
F-2023/21		Revisjon av vedtekter for Osnes kyrkjegard 2022	501.0
F-2023/22	§25	Tilsetting av diakon i 50%	212.0
S-2023/23		Finansiering av ungdomsarbeidarstilling i Ulstein kyrkje	361.0
S-2023/24		Bestilling av stolaer passande til kyrkjetekstilane i Ulstein kyrkje	413.0
S-2023/25		Lokal markering Møre bispedøme 40 år	002.7
S-2023/26		Søknad om støtte til deltaking i NM Ulstein speidarar / World Scout Jamboree	151.0

### Godkjenningar

Protokoll møte 10.05.

Innkalling:

Sakliste:

godkjent

godkjent

godkjent,

søknad om stønad til WSJ 2023

er teken med i sak S-2023/26

## Meldingar:

### **F010 vedtak i kommunestyret om gravferdsfond**

*vedlegg: vedtak frå Formannskapet Sak 46/23*

*Kommentar:*

- Eit regelverk og retningslinja for bruken skal utarbeidast i samarbeid mellom kommuneadministrasjonen og gravferdsmynde, Ulstein kyrkjelege fellesråd.

### **F011 Ny kyrkjeleg organisering - orientering om samrådsmøte 5. juni**

*vedlegg: innkallingsbrev samrådsmøtet*

*presentasjon av KM- vedtak for fellesrådsleiarar*

Fellesrådsleiar orienterte i møte:

- Prosessen er lang og tung med mange kompliserte problemstillingar. Det er fatta vedtak som reiser mange nye spørsmål. Nettverk for fellesrådsleiarar gir uttrykk for at reformen bør blitt stoppa.

*Kommentar:*

- Ein bør likevel ha mot til å prøve nytt for å gi kyrkja ei betre organsiering.

### **S012 Kyrkjeval**

*vedlegg: utskrift frå Plan for lokalt valg*

Planen for valet med førehandsrøysting og vallokale på valdagen er laga, kandidatane er presenterte.

Vi er i gang med å bestille naudsynt materiell

Vi er i gang med å finne røystestyre til dei ulike vallokale

Det gjenstår arbeidet med å markedsføre kandidatar, og å jobbe for at det blir høg deltaking på kyrkjevalet

### **S013 Temakveldar på Fredheim**

*vedlegg: referat frå komiteen for torsdagskveldane*

*Kommentar:*

- Sokneråd er glad for å vere orientert og at det finst ein god plan til hausten.

### **S014 Seremoni i høve gravferd i Ulstein og Hareid**

*vedlegg: Skriv om rutiner for gjennomføring av gravferdsseremoni i Ulstein og Hareid*

Sokneprestar, kantorar og kyrkjeverje i Ulstein og Hareid har årlege møte med gravferdsbyrå for å kvalitetssikre godt samarbeid i høve gravferd. I samband med nokre innspel vi har fått har vi laga eit skriv som skal klargjere rutina vi har for gjennomføring av gravferd. Dette er publisert på heimesidene våre.

*Kommentar:*

- Soknepresten refererer til at det er viktig at dei pårørande får stor påverknad på korleis seremonien skal gjennomførast og at seremonien er det presten som har ansvar for etter kyrkja sine ordningar.
- Det referast til at det er framleis mange som ikkje forstår, eller som er misnøgd med ordninga kyrkja og gravferdsbyråa har blitt einige om.
- Trass i avisoppslag, orientering i det komonale fellesrådet, og publisering på heimesiden vår kan det sjå ut som om vi treng å kommunisere budskapet yttarlegare

---

## **F-SAK 2023/21 Revisjon av vedtekter for Osnes kyrkjegard 2022**

### **UTGREIING**

#### Vedlegg:

*Saksutskrift frå kommunestyrevedtak om høyring av gravplassvedtektene  
Høyringsinnspel frå postmottaket Ulstein kyrkjelege fellesråd*

Ulstein kyrkjelege fellesråd har lagt ut forslag til nye vedtekter for gravplassene i Ulstein kommune med høyringsfrist 01. juni 2023. Det har kome åtte innspel til høyringa. Dei fleste går ut på at dei er imot ei nedkorting av festetid til 40 år. Ulstein kommunestyre har ikkje hatt nokre innspel til forslag på vedtektene.

Gravplassen er ein viktig stad å kunne gå til og minnst dei som har vore del av våre liv før og for mange er det svært viktig å kunne ha ein stad der familien kan vere gravlagt saman på.

Samstundes er plassmangelen på Osnes kyrkjegard kritisk og vi treng vedtekter som regulerer bruken av gravplassen på ein bærekraftig måte, no, men også om nokre år når gravplassen har blitt utvida.

Med ei endring på forslaget om ei maksimal festetid på 50 år ville vi kunne møte innspela eit godt stykke på veg og samstundes også ha vedtekter som vil kunne stå seg når den utvida gravplassen er teken i bruk.

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK**

Ulstein kyrkjelege fellesråd tek høyringsinnspel til vitande og held fast på forslag til vedtektene med ei endring i §6 avsnitt 4: Når festetida/fredningstida er ute, kan grava / gravstaden bli festa for nye 5 år. Når det er gått 50 år etter siste gravlegging, kan festet ikkje bli fornya utan etter særleg samtykkje frå gravplassmyndigheita.

Ulstein kyrkjeleg fellesråd sender vedtektene vidare til Statsforvalteren i Vestfold og Telemark for endeleg godkjenning.

### **HANDSAMING**

- Sjølv om ein i framlegg til vedtaket går opp frå 40 til 50 år, er det ei for kort tid for mange
- Det er behov for å klargjere kva særlege grunnar for unntak kan vere. Barne og ungdomsgraver med attlevande foreldre og søsken er eit døme på det.
- Formuleringa kunne vere meir positivt
- Det hadde vore fint å kunne halde fast ved festetid 60år, men mangel på areal har tvinga fram forslaget.
- Ulstein kyrkjelege fellesråd bør i vedtaket vere tydeleg på at kommunestyre ser sitt ansvar i å vedta lokalisering av ny gravplass i Ulstein kommune snarast råd.

## **VEDTAK**

Ulstein kyrkjelege fellesråd tek høyringsinnspel til vitande og held fast på forslag til vedtektene med ei endring i §6 avsnitt 4:

"Når festetida/fredningstida er ute, kan grava / gravstaden bli festa for nye 5 år. Når det er gått 50 år etter siste gravlegging, kan festet fornyast ved særskilt høve, til dømes for barne- og ungdomsgraver."

Ulstein kyrkjeleg fellesråd sender vedtektene vidare til Statsforvalteren i Vestfold og Telemark for endeleg godkjenning.

Ulstein kyrkjelege fellesråd ber at kommunestyre ser sitt ansvar i å vedta lokalisering av ny gravplass i Ulstein kommune snarast råd.

## **F-SAK 2023/22 Tilsetting av diakon**

Sokneprest Margit Lovise Holte meldte seg ugildt i saka.

### **VEDTAK**

Ulstein kyrkjelege fellesråd tilsetter Mari Ann Vattøy som diakoniarbeidar i 50% stilling med oppstart frå 01. oktober 2023

## **S-SAK 2023/23 Finansiering av ungdomsarbeidarstilling i Ulstein kyrkje**

### **UTGREIING**

#### Vedlegg:

*Referat frå første møte i arbeidsgruppe for finansiering av ungdomsarbeidarstilling i Ulstein sokn.*

Arbeidsgruppa med soknerådsleiar, leiar i Ulstein KFUK-KFUM og kyrkjeverje har hatt eit første møte for å finne ei finansieringsløyising for ungdomsarbeidarstillinga. Forslaget involverer fleire samarbeidspartnarar Ulstein kyrkje har for å drive eit godt barne- og ungdomsarbeid. Forslaget sikter også til ei fornying av gjevarteneste.

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK**

Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak

### **HANDSAMING**

Bodil Muren Voldsund meldte seg ugild i saka

Kan vi utfordre kommunen på om å bruke noko av midlane i Ung Arena som eit bidrag?

Finansieringsplanen ser ut som ein god og realistisk plan.

### **VEDTAK**

Ulstein sokneråd ønskjer å vidareføre ungdomsarbeidarstilling og ønskjer å samarbeide med fleire om å sikre økonomien til dette.

Ulstein sokneråd tek kontakt med Ulstein kommune og søker om midlar frå t.d. Ung arena til kyrkja si ungdomsarbeidarstilling.

## **S-SAK 2023/24 Bestilling av stolaer passande til kyrkjetekstilane i Ulstein kyrkje**

### **UTGREIING**

#### Vedlegg:

*nytt forslag for lilla stola for kyrkjetekstilene tilhøyrande Ulstein kyrkje*

Etter innspel frå siste møte i Ulstein sokneråd har tekstilkunstnar Laila Endresen lagt fram eit nytt forslag for motiv og utforming av lilla stola, der tistel og sommarfugl er valt som symbol.

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK**

Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak

### **HANDSAMING**

Det nye forslaget

### **VEDTAK**

Ulstein sokneråd godkjenner forslag for lilla og kvit stola slik dei oppdaterte skissene viser.

Ulstein sokneråd ber soknepresten om å sende skissen vidare til godkjenning via tenesteveg.

---

## **S-SAK 2023/25 Lokal markering Møre bispedøme 40 år**

### **UTGREIING**

Vedlegg:

*Jubileumsbrev med oppfordring om å opne kyrkjene*

Møre bispedøme er landets ynhste bispedøme og fyller 40 år i 2023. Biskopen har i samråd med kyrkjeverjelaget i Møre kome med eit forslag om å opne alle kyrkjene i Møre i 24 timer helga 16.-17. september.

Jubileet vil bli markert i Ulstein kyrkje ved NMS- familiegudsteneste 17. september. Kva opplegg kan Ulstein sokneråd legge opp til med ei 24 timers open Ulstein kyrkje? Arbeidsutvalet hadde nokre forslag til å ta utgangspunkt i:

- konsert (orgel, piano, band)
  - ettermiddags- / kveldsandakt med vaffel og kaffi etterpå
  - frokost på Fredheim før gudstenesta
  - open kyrkje med mulighet for å lystenning
- Kvil i Guds nåde (sove i kyrkjerommet)

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK**

Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak

### **HANDSAMING**

Fleire idear som kom fram:

- Dropp in- dåp
- Enkelt opplegg for natta - Kan vere stort behov mellom kl. 01:00 – 03:00
- Vaffelsteiking, viktig er å opne kyrkja opp.

Vi bør ha ei gruppe som syr saman eit opplegg

### **VEDTAK**

Ulstein sokneråd ønskjer å markere 40 års- jubileum bispedøme med ei open kyrkje lhelga 16.-17. september. Margit Lovise Holte, Karianne Sveen Orvik og Cecilie Frantsen tek ansvar for eit program.



---

## **S-SAK 2023/26 Søknad om støtte til deltaking i NM Ulstein speidarar / World Scout Jamboree**

### **UTGREIING**

#### Vedlegg:

*Søknad om reisestønad frå patrulje Isbjørn  
Søknad om stønad frå Sveinung Bjørnson Snipsøyr om å delta på  
World Scout Jamboree 2023*

Ulstein soknerådet har som tradisjon å vere med på å støtte til ungdom som tek del på kurs, seminar eller arrangement på nasjonalt / regionalt nivå for å både inspirere og gi kunnskap som leiar, gi anerkjennelse for engasjementet og for å få tilført erfaringar frå ungdomsarbeid som drives andre stader i landet. På slike søknader har vi ei praksis å gi stønad på ein tredjedel av kostnadene dersom det er innanfor rammene vi har høve til.

Patrulje Isbjørn har for andre år på råd kvalifisert seg til deltaking på NM i speiding. Patruljen søker om reisestønad.

Sveinung Bjørnson Snipsøyr deltek som einaste speidar frå Ulsteinvik på World Scout Jamboree 2023 i Sør- Korea  
Han søker om stønad for deltaking

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK**

Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak

### **HANDSAMING**

Det er ikkje så mange frie midlar på ungdomsarbeid vi kan bruke til slike stønader, men det er viktig å støtte deltaking på kurs og på regionale arrangement. Med om lag kr. 15.000 å bruke kan kr. 1.000 per person vere ei grei ordning. Likevel kan ein vere open for å gi litt meir stønad ved ekstraordinære tiltak.

kr. 1.000 per pers for NM i speiding (4.000)

kr. 1.000 per pers for TS- seminar (6-7.000) - her er det forventa at det kjem søknader

kr. 4.000 for Sveinung Bjørnson Snipsøyr for deltaking på WSJ 2023

### **VEDTAK**

Ulstein sokneråd støtter speidarpatruljen Isbjørn som deltok på NM i speiding med kr. 4.000 i reisestønad.

Ulstein sokneråd støtter Sveinung Bjørnson Snipsøyr sin deltaking på World Scout Jamboree med kr. 4.000

Ulstein sokneråd støtter deltakarar frå Ulstein Ten Sing på Ten Sing festival med kr. 1.000 per deltakar. Det er venta å bli 6-8 deltakarar.